



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.01.2026

Vår ref.: 202118856-68 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om konsesjonsendring for Øygardskabelen 2

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad for å gjerde inn areal på Nordre Blomøy og Solsvik muffestasjonar samt å forlengje bekkelukking på Nordre Blomøy muffestasjon i Øygarden kommune i Vestland.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/21575/A.

Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 30. januar 2026

Gjennom høring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Høyringspartar kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202118856 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Om fråsegna er lang, oppfordrar NVE høyringspartane til å sjølv skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no


Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat

Søknaden



Figur 1. Kart med endringane Statnett søker om for Nordre Blomøy (venstre) og Solsvik (høgre). Kjelde: Statnett sin søknad av 26.11.2025.

Statnett søker om å utvide stasjonsarealet og gjerde inn nytt areal på Nordre Blomøy og Solsvik muffestasjonar, samt forlengje bekkelukking ved Nordre Blomøy muffestasjon. Nytt inngjerda areal vil vere 1230 m² på Nordre Blomøy og 4160 m² på Solsvik. Forlenginga av bekkelukkinga vil vere på omtrent 27 meter. Statnett grunnjev søknaden med at tiltaka er naudsynte for å gjennomføre bygging av dei konsesjonsgjevne muffehusa på Nordre Blomøy og Solsvik muffestasjonar.

Statnett søker om konsesjon i medhald av energilova.

Spørsmål om saka?

Spørsmål om planane kan de rette til Statnett SF v/ Torstein Klausen, tlf. 90 26 55 93 eller e-post torstein.klausen@statnett.no. Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE v/ Benedikte Øyen, tlf. 22 95 92 23 eller e-post beo@nve.no.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Tor Carlsen

fagleiar

Benedikte Øyen

førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ØYGARDEN KOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATNETT SF
STATNETT SF - TORSTEIN RØD KLAUSEN